


Årsmelding 2020

Høyanger Kyrkjelege Fellesråd



**GUDS ORD DET ER VÅR FEDREARV,
TIL BORN I SKAL DET GANGA.
DEN ÆTT SOM KJEM, LIK DEN SOM KVARV,
VED ORDET TRUTT SKAL HANGA.
GUD GJEV OG OSS DEN ROS,
DITT ORD DET ER VÅRT LJOS!
SÅ LENGE VERDI STEND,
DET LYSE I VÅR GREND,
SOM ÆRVEGULL I ÆTTI!**

GENERELT OM DRIFTSÅRET 2020

Fellesrådet vedtok nye kyrkjelege betalingsssatsar som vart gjort gjeldande frå 01.01.2020. Den kommunale driftsløyvinga for 2020 var uforandra frå 2019, på kr. 4 175 000. Dette utgjer 78 % av fellesrådet sine totale inntekter, som var på kr. 5 311 745. Kalkulatorisk verdi av kommunal tenesteyting kjem i tillegg med kr. 280 000.

Fellesrådet sine øvrige inntekter kom frå festeavgifter kr. 534 900, momsrefusjon drift kr 313 343, gravstellinntekter kr. 131 080, konfirmantbetaling kr. 9 250, og renteinntekter på kr. 15 043. Gåver til Helgestunder hadde nedgang med 50% til kr. 22 870, det har nok samanheng med at det berre kom ut 2 nummer i 2020. Vi takkar for alle små og store bidrag til drifta av kyrkjelydsbladet!

Lønsutgiftene i 2019 utgjorde kr.2 847 504, mot budsjettert 3 099 030. Eit mindreforbruk på kr. 251 526, som i all hovudsak kjem av reduserte utgifter til løn og sosiale kostnader under Corona. Straumutgiftene i 2020 utgjorde kr. 179 116, mot budsjettert 146 300.

Dei 500 000 i Økonomiplanen for 2020 som var avsette til kyrkjeinvesteringar i 2020 vart inndrege og omdisponert av Høyanger kommune. Ei stor sak som fellesrådet jobba med i 2020, var spørsmålet om framtida til Høyanger bedehus, om dette kunne gjerast om til eit fleirbrukshus med livssynsnøytralt seremonirom. Det var då ein klar føresetnad at ei overtaking og istandsetting av bygget berre var mogeleg med kommunal finansiering. Kommuneadministrasjonen la HKF sin søknad fram for formannskap og kommunestyre med positiv tilråding, men søknaden vart avslegen i junimøtet. Dermed vart saka om framtida til Høyanger bedehus avslutta også frå HKF si side, med fellesrådsvedtak datert 03.12.2020.

Driftsåret 2020 vart eit unntaksår på alle måtar då Coronaepidemien braut ut for alvor, med nedstengingar frå 12. mars. Alle restriksjonane og smittevernreglane har sterkt påverka den kyrkjelege aktiviteten i 2020, men vi har prioritert gjennomføring av gravferder og dåp, med avgrensa tal deltakarar.

Dei 5 Påskekudstenestene vart det gjort digitale opptak av v/OnCue til ein kostnad på ca. 19 000, og desse vart lagt ut på Youtube og på Facebook av sekretæren. Etter dette vart det spelt inn fleire digitale gudstenester av prest og kantor, herunder 17. mai gudstenesta. Dette var nybrottsarbeid som dei kyrkjeleg tilsette prest, kantor og sekretær gjorde sjølv, og som var både intressant, og krevjande. Også digital Julegudsteneste med 2 prestar, kantor, Julespel og barnekor vart spelt inn, men då brukte vi ein erfaren Audio/Videomann, som stod for alt det praktiske med opptak og redigering. Dette som eit digitalt tilbod til dei som ikkje hadde høve til å delta på dei ordinære gudstenestene i jula. Kostnadane kr. 16 000 vart dekkja i ein spleis mellom 3 av sokneråda, samt Osland Havbruk, med 4000 på kvar. Stor takk til dei!

Det er no Andreas Ester som er sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø sokn, medan Geir Sørebo er prest i Lavik og Bjordal/Ortnevik sokn. Hans avtale gjeld førebels til utgangen av April 2021. Runar Matsui-Li hadde ansvar for konfirmantundervisning fram til og med konfirmasjon 2020 i sine gamle sokn, det same hadde Andreas Ester for Lavik og B&O sokn.

I fellesrådsmøte den 03.12.2020 vart soknerådsleiar i Høyanger, May Wenche Fossmark attvald som leiar i fellesrådet, og soknerådsleiar i Kyrkjebø, Sturla Bell Fossen attvald som nestleiar.

Kyrkjemusikk

Kantorikoret i Lavik som vart starta i 2018, har 12 medlemmer som kjem frå Høyanger, Lavik, Hyllestad og frå Høyanger sørside. Også deira aktivitet har vorte sterkt påverka av Corona-epidemien.

Kantor inviterte i 2020 både Lavik kantori og medlemmer frå Høyanger Vokalis til å vere med på prosjektet Jazz-Mass 2020, som starta i januar med Jazzstykker av Bob Chilcott. Dette vart som mykje anna utsett då Coronarestriksjonar og nedstenging vart iverksett frå 12. mars 2020. Korøvingane starta opp att i tidsrommet 05.05. til 16.06., og kormedlemene var med på opptak av digital 17.mai gudstjeneste den 12.05.2020. Haustsemesteret starta 25.08. og gjekk fram til ny nedstenging den 06.10. Så var det på ny øving frå 27.10. til øvinganne vart avlyste frå 10.11.og ut året.

Kantor starta korskule for barn frå 2. til 7. klasse frå 1. november 2020, og dette er eit tilbod til barn frå heile Høyanger kommune, ettersom Høyanger kulturskule ikkje har song eller kortilbod. Korskulen er en del av Lavik Kantori, og skal synge saman med Lavik Kantori når dei er klare til det. Korskulen er basert på at alle barn kan synge om dei får oppmuntring og undervisning i eit kjekt miljø med respekt for den enkelte. Tilbodet er gratis, og er for både gutar og jenter. Det er ikkje krav til medlemsskap i Dnk, alle barn er velkomne. Det er berre ein føresetnad, og det er aktiv deltaking i øvingar og arrangement.

Pr. no er det to grupper med 6 – 7 barn i kvar. I Lavik er det øving kvar mandag 17.00- 18.00 og i Høyanger kyrkje kvar tirsdag 17.15- 18.15. Barna deltok i opptak til digital julegudsteneste i Lavik kyrkje den 16.12.2020, som vart sendt på julafta.

Målet er at forsongargrupper, kor og kyrkjemusikk skal spele ei viktig rolle i gudstenestene, og slik bidra til auka kyrkjesøking i sokna. Kantor deltok saman med Magne Sagerøy og Åse Sæther på Bjordal og Ortnevik sokneråd sin julekonsert i Ortnevik kyrkje den 13. desember.

Gravplassane

På gravplassane i Høyanger kommune, unnateke Ortnevik der Joar Oppedal slår, er det Anleggsgartner Baarøy som har utført slåtten i sommarhalvåret. Gjeldande 3 års avtale går ut 2021. Dette firmaet utfører også gravstellet på dei gravene vi har stellavtale for. I Ortnevik har Ann Iren Østerbø stell for ei grav, elles vert gravstell på sørsida som folk ikkje kan gjere sjølv, ordna gjennom private stellavtarar. På gravfondskonto 3705.25.60277, som vert revidert saman med driftsrekneskapen forøvrig, står det pr. 31.12.2020 kr. 227 604,65,-

Kyrkjene

I fellesrådsmøtet den 28.11.2019 vart framtidige investeringsbehov gjennomgått og planlagt:

2020	500 000	Restaurere glasmaleri i Høyanger kyrkje, Reparasjon av orgel i Høyanger
2021	500 000	Mur Vadheim gravplass, Måling Lavik kyrkje, Gravkapasitet Vadheim
2022	500 000	Utvendig måling Høyanger kyrkje
2023		Nytt gjerde rundt Sæbø gravplass

På grunn av at investeringsløyvinga 2020 var unytta og vart trekt attende, og at investeringsløyvinga for 2021 er strøken på grunn av investeringsstopp, må våre planlagde prosjekt skubbast ut i tid. Kyrkjevevja har likevel fått melding om at dersom vi kjem med eit ferdig planlagt og kostnadsrekna prosjekt og søker om midlar til restaurering av glasmåleriet i Høyanger kyrkje, vil det bli lagt fram som ei sak for Høyanger kommunestyre.

Kyrkjekontora

Høyanger kyrkjekontor held til i gode kontorlokale, som ligg i Dalevegen 4, like ved utestasjonen til Høyanger kommune. Frå 2022 er det planen at kontoret skal flyttast attende til nyoppussa lokale i Elvegata 22. Dette er likevel no usikkert, ettersom Barnevernet visstnok meiner at dei treng dei kontora vi er blitt førespegla. Eg har snakka med rådmann om dette, og vi er blitt lova at vi skal bli involverte og få uttale oss om dei alternativ kommunen vurderer å tilby oss, dersom vi ikkje får Elvegata 22. Kyrkjekontoret i Lavik held til i gode og eigna lokale.

1. Den norske kyrkja sine medlemmer i Høyanger kommune

	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Medlemmer totalt	3278	3309	3403	3439	3463
Døypte	19	20	28/20*	20/8*	26/18*
Innmelde ekskl. Dåp	1	1	0	1	1
Utmelde	6	13	0	1	8

*Busette i kommunen

2. Leiging

<u>Råd og utvalg</u>	<u>Leiar</u>	<u>Tal medl.</u>	<u>Tal møter</u>	<u>Tal saker</u>
Fellesråd	May-Wenche Fossmark	10	7	27
Høyanger Sokneråd	May-Wenche Fossmark	5	7	43
Kyrkjebø Sokneråd	Sturla Bell Fossen	7	8	28
Lavik Sokneråd	Tonje Førde Systad	7	8	29
Bjordal/Ortnevik S.R.	Sissel Sørebo	7	5	36

3. Endringar i personellsituasjonen

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Kva endring</u>	<u>Verknad frå</u>
Sekretær Hø.	Katarina Vattekar	Tilsett	01.02.2020
Sokneprest	Andreas Ester	Tilsett	01.10.2020

4. Fellesrådet sine tilsette

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Stillingsprosent</u>
Kyrkjevevje	Bjørnar Otterstein	100%
Sekretær Hø.	Katarina Vattekar	60%
Kantor Hø.	Gerda Otterstein	100%
Kyrkjjet./Reinh Hø.	Heike Müller	45,6%
Klokkar Hø	Heike Müller	7%
Sekretær sokneråda	Vakant (Kyrkjevevja er sakshandsamar)	15%
Kyrkjjetenar Ky.	Irene Aase Aarseth	24,3%
Klokkar Ky.	Irene Aase Aarseth	7%
Klokkar/kyrkjet.Va.	Irene Aase Aarseth	7%
Kyrkjjetenar La.	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(11%)
Klokkar Lavik	Vakant - Lavik sokneråd tek ansvaret	(7%)
Kyrkjjetenar Bjo.	Norvald Bjordal	11,9%
Klokkar/Sekrt. Bjo.	Ann Iren Østerbø	9%
Kyrkjjetenar Ort.	Joar Oppedal	15,9%
Klokkar Ort.	Ann Iren Østerbø	5,5%
Reinhaldar Lavik	Amporn Leirnes	4%
Sum		<u>4,0 løna årsverk</u>

Kyrkjelydspedagog Toril Lange er ikkje med i stillingsoversikta, fordi ho har Hyllestad sokneråd som arbeidsgjevar. Hennar stillingsdel i Høyanger er 50 %, som vi refunderer ein viss del av.

5 Eigedommar / Areal

Høyanger kyrkjelege fellesråd var på synfaring i til dei kyrkjelege eigedomane på Høyanger sørside og i Lavik den 11.06.2020. Etterpå var det fellesrådsmøte på Alværa Misjonscenter.

Høyanger kyrkje

Kyrkja er i bra stand etter oppussinga i samband med 50 årsjubileet i 2010. Men på grunn av fuktinntrenging i korveggen, er det oppstått vesentlege rustskadar i stålramma som glas-maleriet i korveggen står i. Nokre ruter er sprekt, og det trekkjer kaldluft inn rundt konstruksjonen. Dette vil bli ei stor og kostbar sak å få utbetra. Pianoet i kyrkja vart reparert og stemt i 2019. Orgelet fekk service etter 15 år i 2018, og det vart stemt. I samband med dette arbeidet vart det oppdaga sprekker og luftlekkasjer i orgelet som følge av tørkeskader. Som eit første tiltak er det kjøpt inn ein ny og betre luftfuktar ved orgelet. Det er også innhenta prisoverslag frå orgelbyggjar Buder til ein kostnad som som fellesrådet har akseptert. Arbeidet med utbetring av tørkeskadane startar våren 2021.

Kyrkjebø kyrkje

Kyrkja som feira 150 år i 2019 er i god stand etter at den i 2018 vart måla utvendig av målarfirmaet Gunnarsson. Brannvarslinga bør vurderast kobla opp til alarmsentral.

Lavik kyrkje

Kyrkja er i god stand, etter at taklekkasje vart utbetra i 2019. Det er ønskje om å fjerne nokre kyrkjebenker framme i kyrkja, slik at det blir betre plass til korps og kor. Brannvarslinga bør vurderast kobla opp til brannsentral. Kyrkja bør målast utvendig. Det kjem utelys ved parkeringsplassen, og varmeomnane bør skjermast.

Bjordal Kyrkje

Kyrkja er i god stand. Den vart måla utvendig i 2016, 10 år etter førre gang. Kyrkjegardsgjerdet vart måla i 2013. Bjordal kyrkje fekk ny løpar i midtgangen og koret i 2016. Har fått rullestolrampe i 2016. Bjordal kyrkje fekk ringemaskin i 2017.

Ortnevik kyrkje

Kyrkja vart måla utvendig i 2016. Den vart sist måla i 2003. Innvendig har kyrkja behov for oppussing ettersom måling flassar av mange stader. Ortnevik kyrkje manglar rullestolrampe og handicaptolett. Ortnevik kyrkje har 100 års jubileum i 2025. Ringemaskin kom på plass i 2017.

Andre Bygningar

Vadheim Bedehus	Huset er i bra stand. Manglar ringemaskin. Fellesrådet yter tilskot.
Bårehus Lavik	Bygget er i god stand. Septiktanken vart reparert i 2016.
Bårehus Bjordal	Bygget treng oppussing
Klokketårn Tunga	Klokketårnet vart pussa opp og måla i 2014. Nytt tak og golv i 2017.
Kontor Høyanger	Det nye lokalet i Dalevegen 4 er i god stand.
Kontor Lavik	God standard.
Kyrkjelydshus Ky.	Bra stand. Stiftinga avvikla. Kyrkjelydshuset er lagt ut for sal.
Klokketårn Ikjefjord	Vart oppussa i 2010. Bygget er i god stand, men utsett for vindskade.
Klokketårn Vadheim	God standard. Fekk montert utelys i 2017.

6. Økonomi

	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Kommunal løyving	4 175 000	4 175 000	4 135 000	4 150 000	4 040 000
Tenesteytingsavtale	280 000	280 000	280 000	280 000	280 000
Sum Løyving	4 455 000	4 455 000	4 430 000	4 320 000	4 222 000

Rekneskapsresultat

	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Nto. Driftsresultat:	+ 64 706	+86 652	+83 314	+187 519	+89 803

7. Gudstenesteliv / Kyrkjelege handlingar

	<u>2020</u>	<u>2019</u>	<u>2018</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Gudstenester	74	97	95	91	115
Frammø.Gjsn.	45	50	64	61	57
Gudst. M/nattv.	16	42	37	40	59
Gjsn. Nattvdelt	11,8	19	9,5	10,5	15
Døypte	19	20	28	20	26
Vigslar	1	2	1	7	3
Gravferder	41	37	41	40	42
Konfirmerte	19	31	42	48	44

8. Positive trekk og utfordringar

HKF har fått gjennomført mykje dei siste åra. Fleire store prosjekt er gjort ferdige. Høyanger kommune viser gjennom tildelingane sine at dei verdset det arbeidet som vert gjort i kyrkja. Vedlikehaldsplanane, og at dei vert godt følgde opp, er med på å ta vare på verdiane ein forvaltar.

Til tross for pandemi, nedstengingar og alle smittevernreglane i 2020, har vi klart å leggje til rette for gjennomføring av kyrkjelege aktivitetar i året som gjekk.

Oppstart av Lavik Kantori, og seinare korskule som kontor driv for barn i Lavik og Høyanger må framhevast som eit svært positivt tiltak! Dette er med på å skape utvikling og samarbeid på tvers av soknegrensene.

Det er også svært viktig og verdifullt det trusopplæringsarbeidet som kyrkjelydspedagogen driv for barn og ungdom rundt om i sokna våre. Korleis dette arbeidet skal drivast og vidareutviklast den dagen kyrkjelydspedagogen sluttar, er noko som ein må starte planlegging av no.

Samla sett viser statistikken at besøkstala på dei «vanlege» gudstenestene er minkande. Det kan vere ønskjeleg med fleire deltakarar, men det er noko sokneråda kontinuerleg arbeider med. Nokre innslag og aktivitetar er med å trekkje folk, spesielt når frivillige og barn er med. Dette må ein bygge på og utvikle vidare. Aktivitetane i kyrkjelydane endrar seg med tida og nye ting vert prøvde ut. Det er gjennom samarbeid mellom dei tillitsvalde, dei tilsette og dei frivillige at kyrkja utviklar seg. Det er viktig at fellesrådet støttar sokneråda i arbeidet deira.

Mange frivillige medarbeidarar gjer ein stor innsats i råd og utval, som deltakarar for å skape gode samværsformer, og for å få til eit godt gudstenesteliv der folk får omsorg og kjærleik. Fellesrådet vil gjerne takke alle for innsatsen i 2020!

Høyanger 12.03.2020

May-Wenche Fossmark
May-Wenche Fossmark, Fellesrådsleiar

Bjørnar Otterstein
Bjørnar Otterstein, Kyrkjeverje



Regnskapsskjema - BALANSE

2 Høyanger Kyrkjelege Fellesråd - 2020

06.03.2021

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
EIENDELER:		
A - Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	18.074.776,15	18.329.862,15
Utstyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	171.729,00	152.471,00
B - Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	473.840,00	364.198,50
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	1.397.252,41	1.173.504,20
C - SUM EIENDELER:	20.117.597,56	20.020.035,85
EGENKAPITAL OG GJELD:		
D - Egenkapital		
Disposisjonsfond	178.229,86	91.577,64
Bundne driftsfond	213.351,40	219.436,90
Ubundne investeringsfond	297.215,20	0,00
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (investering)	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)	64.706,47	86.652,22
Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskapet	0,00	316.473,20
Udekket i inv.regnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	18.246.505,15	18.482.333,15
Gjeld		
E - Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	0,00	0,00
F - Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlån	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	1.117.589,48	823.562,74
G - SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	20.117.597,56	20.020.035,85
Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Høyanger 25/3-2021

Bjørn Olfuskin
Kyrkjevege

May Wenche Fossmark
Fellesråds leiar